



Valkampbrosjyre Raudt Møre og Romsdal 2023

Fordi fellesskap fungerer



For Raudt er kampen mot forskjells-Noreg den aller viktigaste. Generasjonen som veks opp i dag kan bli den første på over 100 år som får det mindre trygt enn forendra sine. Auka forskjellar og privatisering skaper utryggleik, dårleg velferd og ein svak fellesskap. Det gjer at makt og moglegheiter blir urettferdig fordelt. Folk blir sorterte etter postnummer og bankkonto. Men heldigvis er det mogleg å skape eit vendepunkt i kampen mot Forskjells-Noreg.

Det er ikkje berre rikdom som går i arv – det gjer ofte også fattigdom.

I Møre og Romsdal veks kvart niande barn opp i familiar med vedvarande låginntekt. Utholing av velferdsstaten, eit meir utrygt arbeidsliv, dårlegare offentlege helsetenester og svekking av fellesskapsløysingar som har tent oss alle vel, rammar alltid dei som har minst frå før. Noreg er på veg i feil retning, når dei rikaste blir rikare og dei fattigaste må stå i matkø og fryse som følge av dei vanvittige straumprisane dei siste åra.

Denne utviklinga må og skal vi snu!

I kommunestyra og fylkestinget fremjar Raudt difor forslag om **handlingsplan mot fattigdom**.

Skule

- JA** til desentralisert skulestruktur – Ingen vidaregåande skular eller linjer skal leggjast ned av økonomiske grunnar
- JA** Distriktsskulane skal bestå som eigne einingar
- JA** til å styrkje yrkesutdanninga og auke talet på fylkeskommunale lærlingplassar
- JA** til miljøterapeut/sosialarbeidar i vidaregåande skular
- JA** til billegare skulemat i kantinene på vidaregåande skular
- JA** til at skuleskysstilbodet må tilpassast undervisningstidene

Arbeidsliv

- JA** til at fylkeskommunen skal arbeide for å styrkje Arbeidstilsynet med mål om å nedkjempe sosial dumping og ulovlege arbeidsforhold
- JA** til at fylkeskommunen må redusere bruken av eksterne konsulentar sterkt

Samferdsel, infrastruktur og kollektivtransport

- NEI** til Hafast og Møreaksen
- JA** til gratis ferjer - nei til bompengefinansierte vegar
- JA** til at nye ferjer og hurtigbåtar skal vere utsleppsfrie
- JA** til fylkeskommunal eigarskap av buss og betre og billegare buss- og hurtigbåttilbod
- JA** til bestillingstransport der det ikkje er god dekning av ordinært rutetilbod
- NEI** til fylkeskommunale “stråselsskap” der innbyggjarane ikkje får innblikk i korleis verdiane blir forvalta

Kultur, næringsutvikling, klima og miljø

NEI til utbygging av vindkraft på land, til havs og i fjøra

JA til at fylkeskommunale anbudsutlysingar skal krevje at tilbydarar skal dokumentere at dei følgjer norske lovkrav, har allmenngjort tariffavtale og følgjer FNs berekraftsmål. Anbud skal leverast på norsk

JA til at fylkeskommunen skal bidra til utvikling av næringsliv som tar omsyn til klima og miljø

JA til vern av matjord og myr og at planar blir vurderte ift. Montreal-avtalen om miljøvern

Ja til kyst- og hamnebasseng utan framande artar som øydelegg miljøet

JA til levande bysentrum – **NEI** til fleire handlesenter utanfor byane

JA til at by- og tettstadsutviklinga skal styrast av behova til innbyggjarane, og ikkje av profitten til utbyggjarane

JA til gode lokalsamfunn med eit mangfaldig, relevant og tilgjengeleg lågterskel kultur- og fritidstilbod og ei god folkehelse for alle

Raudt skal også kjempe for

JA til gratis tannlegetenester til alle

JA til å arbeide for at Noreg seier opp EØS-avtalen



Bli betre kjend med

Rødt sine saker i Møre og Romsdal:

<https://roedt.no/more-og-romsdal/program>

I fellesskap kan vi best løyse

både den enkelte og samfunnet sitt behov

Her er **Raudt Møre og Romsdal** sine toppkandidatar



Silje Alise Ness (43) frå Sunndalsøra

Sit i dag som einaste representant for Raudt i fylkestinget i Møre og Romsdal. Brenn for ungdoms oppvekstvilkår, og ein desentralisert skulestruktur av høg kvalitet. Arbeider for ein energi- og industripolitikk som sørgjer for gode vekstvilkår for næringslivet på miljøet sine premissar.



Aina M. H. Hauge (54) frå Haramsøya - bur i Ulsteinvik.

Brenn for at det i Møre og Romsdal skal vere like godt å bu, jobbe og drive næring for alle, uansett alder, kjønns- og seksuell identitet, kulturell bakgrunn, funksjonsevne og storleiken på lommeboka.



Malena Strømmen Malakzadeh (32) frå Ålesund

Er spesielt opptatt av barn og unges oppvekstvilkår og skulevesenet/utdanning. Ho har hatt diverse tillitsverv i partiet, og har sete ein periode i kommunestyret i Ålesund som einaste representant for Raudt.



Elisabeth Kristiansen (60) frå Kristiansund

Høgt fokus på ein sterk offentleg politkarstyrt sektor der lovpålagde tenester blir prioriterte - vil jobbe for kvalitet i tenestene frå vogge til grav. Opptatt av at dei eldre skal møtast med verdigheit



Tor Erik Aasen (37) Brenn for at når fylke og kommune skal leggje ut ting på anbod så skal dei som vinn anbudet vere underlagde tariff. Han er spesielt opptatt av at helsesektoren skal vere godt bemanna for å auke tenestetilbodet til pasientane/brukarane, og med det redusere sjansen for at personell blir utbrent og sjukmeldt.



Kjartan Kvellestad (70) frå Florø og bur no i Molde.

Lokallagsleiar i Molde, tidlegare hovudtillitsvald i jern og metall på skipsverft i Florø, no pensjonist. Er opptatt av vern av naturen, mot vindkraft både til lands og til havs og at vi må ta styring over EL-krafta. Vil ha ned forskjellane i samfunnet og sikre landbruk og fiskeri.



Radt Møre og Romsdal sine 37 kandidatar finn du her:
<https://roedt.no/more-og-romsdal/program>